



Styret i Sameiget Mjåtveitmarka B18 v/Tom Tolleshaug
Mjåtveitmarka 36 G
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1234 - 14/5187

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:

02.04.2014

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr, gnr. 22, bnr. 229 seksjonsnr.1 - 32.

Administrativt vedtak. Saknr: 75/2014

Saksutgreiing:

Det er i skriv, motteke 10.03.2014 frå Sameiget i Mjåtveitmarka B18 v/styreleiar, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyr for eigedomen gnr. 22, bnr. 229, snr. 1 – 32. Søknaden er grunngeven med at rekkehusa ikkje har pipe.

Vurdering:

Ut frå godkjente teikningar for B18, som syner at rekkehusa har pipe, har kommunen registrert alle seksjonane med feie-/tilsynsgebyr. Kommunen har no fått melding om at desse pipene ikkje er oppført.

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har pipe eller eldstad av noko slag skal sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2014.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen har vurdert styreleiar i Sameiget Mjåtveitmarka B18 sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

”Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2014 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for husvære på gnr. 22, bnr. 229, snr. 1-32, i samsvar med søknad motteken 10.03.2014.

Dersom piper vert oppført og eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.

Vedlagt følgjer ny faktura for kommunale avgifter 1. termin 2014. Utsendt faktura vert kreditert.

Vedtaket er gjort i samsvar med delegert mynde frå rådmannen.”

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland
Bebuarane på gnr. 22, bnr. 229, snr.
1-32

Mottakere:

Styret i Sameiget Mjåtveitmarka
B18 v/Tom Tolleshaug

Mjåtveitmarka 36 5918
G

FREKHAUG